

Kor mykje

skal det koste å

gravleggje

deg?



Gro & co seier at dei bryr seg om fattigfolk. Men dei er visst reddast for at ein fattig stakkar skal få 5 øre for *mykje*.

Støtta til gravferder t.d. er på 4000 kr., og dekkjer ikkje eingong ein tredel av utgiftene. No foreslår Regjeringa at folk kan *søkje* om meir, etter *behovsprøving!*

Men kven skal søkje? Han eller ho som skal døy? Eller skal slektningane grave i papira til den døde for å bevise kor fattig liket var?

Slike gjerrige og byråkratiske ordningar gir meir «treffsikker» støtte, seier regjeringa....

Fleire einslege mødrer på sosialen

Dei fleste einslege mødrer og fedrar har dårleg råd. No får dei ca. 60 000 i året til barnet er 10 år. For lite, seier Gro & Sigbjørn. Vi aukar til 70 000! Fint ikkje sant?

Berre at dei skjer ned støtta ... til *maksimum* tre år! Så *mesteparten* blir teke bort!

Regjeringa seier ho «sparer 400 millio- nar». Men foreldre og barn må ha mat, klede og hus likevel. Så *i røynda* blir utgiftene berre flytta - til sosialkontora i kommunane.


Spar på fattigfolk, gi til bankane

Sigbjørn, finansminister, gav milliardar til bankar som hadde spekulert bort pengane sine. No sopar bankane igjen inn pengar. Men Sigbjørn krev ikkje å få pengane (våre!) att!

Samstundes slår oljeinntektene alle rekordar. Men Gro vil spare ... på gravferder, einslege mødrer og mange andre sosiale utgifter.

Alle parti - utanom eitt! - vil setje pengane i eit «oljefond» i utlandet.

SV òg. Trass i einskilde bra framlegg, støttar SV Gro og DNA-toppene i Stortinget og i mange kommunestyre. Berre eitt parti er i opposisjon: RV.


raud VALALLIANSE

Dersom velferdsstaten er viktig for deg – vel RV!

RV i kommunestyre og på Stortinget kan ikkje aleine endre politikken til regjeringa. Men RV kan gi melding til folk om planane regjeringa har.

Både Erling Folkvord på Tinget og RVs folk i kommune- og fylkesting har sagt ifrå om nedskjeringar til dei det gjeld.

RV seier NEI til kutting i trygd og pensjonar! Nei til nedlegging av sjukehus, eldreheimar og skolar! NEI til behovsprøving og eigenandelar, som rammar dei med dårlegast råd!

RVs representantar bryt «teieplikt» om det er naudsynt, og protesterer og demonstrerer saman med dei som blir ramma.

Kva for andre parti gjer det?

Utan opposisjon stoppar demokratiet – stem på nokre som seier ifrå!

Stem på RV 11. september!

med folk – mot makta

Raud★Ungdom

er Raud Valallianse og Arbeidernes Kommunistparti sin ungdomsorganisasjon. RU er ein revolusjonær ungdomsorganisasjon som gjer meir enn å berre meine noko om korleis verda lyt vera.

Vi gjer noko aktivt for å endre verda i dag, og vi slåss for sosialismen som eit langsiktig mål. Vi arbeidar imot rasisme, imot miljødeleggjingarr, for full kvinnefrigjering og imot EU og EØS. Vi arrangerar bøllekurs for unge jenter, studiesirkklar, leire, konferansar, hytteturar, aksjonar og mykje meir. Raud Ungdom er ein organisasjon for deg som er lei av å sittja i ein stol og se på at verda går til helvete!

Ynskjer du opplysningar om RV, fyll ut slippen og send den til Raud Valallianse, Osterhausgt. 27, 0183 OSLO

- Send meg RVs program
- Send meg ein innmeldingsblankett

Navn:

Adresse:

Poststed:

Telefon:

